Vestland fylkeskommune

Avdeling for
**Infrastruktur og veg (INV)**

| | |
|---|---|
| **Dato** | 12.09.2023 |
| **Vår referanse** | 2023/58922-47 |
| **Dykkar referanse** | |
| **Sakshandsamar** | Sigurd Lunde |
| **E-post** | Sigurd.Lunde@vlfk.no |
| **Telefon** | 90142080 |

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

# Kvalitetsheving av grenser i matrikkelen - gnr. 2 og 3 i Osterøy kommune.

I samband med at Fv 567 skal utbetrast på strekninga Loftås – Hauge har Vestland fylkeskommune halde oppmålingsforretning, klarlegging av eksisterande grense, på gnr. 2 og gnr. 3 i Osterøy kommune. Dette for å måle inn eksisterande grensemerke slik at kvaliteten på grensene vert betre.

Vestland fylkeskommune har løyve til frå Osterøy kommune til å halde oppmålingsforretninger i tilknytting til fylkesvegar.

Vedlagt fylgjer protokollar for oppmålingsforretningane samt eit oversiktskart som syner kva grense som er berørte.

Protokollen er sendt ut til partane med frist for å kome med merknader. Fristen er ute og det er ikkje motteke merknader.

Vi ber om at grensene som er handsama i oppmålingsforretningane vert lagt inn i matrikkelkartet med bakgrunn i protokollane.
Grense mellom gnr. 2 bnr. 1 og bnr. 2 og gnr. 3 bnr. 2 er allereie registrert i matrikkelen.

Det vert i eigen e-post oversendt dokumentasjon på innmålingar og utrekningar samt sosi-fil med grensene.

Dersom de har spørsmål i tilknytting til dette kan de ta kontakt med underteikna.

Vi ber om at kostnader knytt til matrikkelføringa vert fakturert til Vestland fylkeskommune og merka med ref. 39835.

Med helsing

**Sigurd Lunde**
Ingeniør
INV - Grunnerverv

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

| | |
|---|---|
| **1** | **protokoll 2-1 og 2** |
| **2** | **oversiktskart** |

| | |
|---|---|
| 3 | protokoll 3-1 og 2 |
| 4 | protokoll 3-3 mfl |
| 5 | protokoll 3-15 mfl |